

Den danske dikteren

I København budde det ein diktar som heitte Kasper. Han var så redd for å sleppe opp for idear at han ofte ikkje kunne finne på noko å skrive om. Han gjekk til dokter Mørk, som var spesialist på slike problem.



Kasper gjekk på biblioteket for å lese om Noreg. Han fann ei bok av Sigrud Undset som heitte Kristin Lavransdatter. Han likte boka så godt at han skreiv eit brev til Sigrud Undset og bad om å få møte henne. Sigrud Undset, som budde på Lillehammer, svarte ja. Og slik skjedde det at Kasper drog på ferie til Noreg for å treffe Sigrud Undset.

Kasper vandra langs landevegen mot Lillehammer, og det begynte å regne. Han fekk lov til å overnatte på den næraste garden til regnet gav seg. Men det regna i fleire veker, så Kasper blei der lenge. Og han blei forelska i dottera på garden. Ho heitte Ingeborg. No hadde Kasper brått mykje å skrive om.

Ingeborg likte Kasper godt, men ho var forlova og skulle gifte seg med odelsgutten på nabogarden. Rett før bryllaupet klippte Ingeborg ein bit av håret sitt og gav til Kasper. Ho lova å ikkje klippe seg igjen før dei var saman att. Dette syntest Kasper var rart. Han blei lei seg og gløymte heilt å besøkje Sigrud Undset. Han drog rett heim til Danmark.

odelsgut: den som skal arve garden

Ingeborg heldt løftet sitt. Håret hennar blei fleire meter langt. «No må du klippe håret før eg snublar i det og vrikkar ankelen,» sa mannen hennar. «Det finst verre ting enn vrikka ankel,» sukka Ingeborg.



Akkurat då fekk ektemannen hennar ei ku i hovudet. Det gjekk bra med kua, men ikkje med ektemannen. Ingeborg blei enkje. Ho skreiv brev til Kasper for å høyre om han ville gifte seg med henne. Brevet nådde aldri fram til Kasper. Ingeborg venta forgjeves på svar.

forgjeves:
utan at det
nyttar



Oppgåver:

Sjå Elevbok 5A side 177.

Gjer oppgåvene 4, 5, 6, 7, 8 og 9.